

Klima - og miljørådet i Gol kommune

2019. Møtereferat.

Tid og stad: Mandag 4.03.2019

Deltakarar: Heidi Granli, Hege Mørk, Svein Eide og Jørn Magne Forland

Agenda:

1. Planar for vårdugnad
2. Innfasing av el-bilar i kommunen

Referat:

1. Vårdugnaden skal skje i veka 29.april – 5. mai. Dette er på same tid som Strandryddeveka til Hold Norge Reint.
Gol kommune vil i forkant lage ein teaser som me legg ut på facebookside vår, og me må spesielt invitere med Gol skule, barnehagane, Ungdomsrådet, Friskliv, Seniortrimmen, Lions, Rotary og Frivillighetssentralen v/ Går for livet. Fokusområda vert offentlege friområde som sentrumsparken, lysløypa, Hallingmo forøvrig og Mobrua.
2. Innfasing av el-bilar i kommunal teneste
Klimarådet er samstemte på at el-bilar skal innfasast etter kvart som gjeldande leasingavtalar går ut. Dette er også eit vedtatt tiltak i energi –og klimaplanen vår. Prosessen er her viktig og må starte i god tid og vere inkluderande (ref TØI-rapporten om el-bilar i region innlandet)
Kommunen sender ut informasjon til avdelingsleiarar som nyttar kommunal bil der me ber om tilbakemelding om deira framtidige behov.
Det vert viktig å få leverandørar av ulike el-bilar på banen i høve å svare på kritiske spørsmål.
Gode rutiner og opplæring i bruk av el-bil er også noko som må på plass etterkvart som fleire el-bilar kjem på plass.
Me må ta høgde for at det vil vere eit føremon at nokon av bilane har firhjulstrekk ref formålet med bruken av bil.
Ladbare hybridar kan vere alternativ, men i utgangspunktet skal el-bilar vere valet.
Klimarådet ber miljøvernrådsgjevar å starte prosessen med å lease ein el-bil som alle i kommunen kan bruke, fortrinnsvis til køyring innad i Hallingdal. Det er ingen ulempe om rekkevidda er stor nok til å omfatte Drammen. Kommunen vil med dette spare utbetaling av km-godgjerdsle for bruk av kommunal bil, i tillegg til å redusere klimagassutsleppa.

Eventuelt

- Møtet med landbruksnæringa vert flytt frå 8.april til 20. mai.
- Det er avsett kr 50 000 til klimatiltak i Gol 2019. Kva skal midlane nyttast til?

Forslag om å bruke noko av midlane til klimakommunikasjon, eks ved å be media og kommunikasjonslinja ved Gol vgs til å lage ein film der det klart kjem fram kva Gol kommune ynskjer å kommunisere innan klima.

Klimadag der ein får fram gode eksempler og kva ulike aktørar gjer? Klimarådet jobbar vidare med dette.

Gol 04.03.2019

Jørn Magne Forland
sekretær i klimarådet.